

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Vår sakshandsamar
Verner Bjerkvik

Vår dato
01.07.2024
Dykkar dato
14.06.2024

Vår referanse
24/00467-2
Dykkar referanse

Høyringsvar til framlegg om endringar i våpenforskrifta - våpenløyve for Statens naturoppsyn (SNO)

Vi syner til høyringsbrev av 14. juni 2024 om framlegg til endringar i våpenforskrifta med høyringsfrist 1. juli 2024.

Norges Bondelaget støtter framlegget til å forskriftsfeste eit særskilt ervervsgrunnlag for SNO til å erverve og ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon for å utføre oppgåver etter naturoppsynslova. Ei forskriftsfesting vil klargjere rettsgrunnlaget og rammene for SNO sitt erverv av løyvepliktige gjenstandar etter våpenlova, og vil gjere regelverket meir føreseieleg for politiet, som skal forvalte regelverket. Desse føremonene føreset likevel at regelverket vert utforma på ein tilstrekkeleg presis måte, slik at det kjem tydeleg fram kva rammer som gjeld for erverv og innehav av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til dette føremålet. Kravet til eit tydeleg regelverk må likevel, som departementet nemnar, vegast opp mot behovet for fleksibilitet, slik at våpenløyva kan tilpassast eventuelle endringar i SNO sine oppdrag og metodebruk.

I høyringsbrevet ber departementet særleg om tilbakemelding på om ein bør forskriftsfeste kva våpentypar som skal kunne ervervast i medhald av dette ervervsgrunnlaget. Norges Bondelag syner til at denne forskriftsfestinga av våpentypar for dei ulike ervervsgrunnlag er gjort gjennomgåande i våpenforskrifta. Eit brøt på denne systematikken vil gjere regelverket mindre føreseieleg, i strid med intensjonane bak det nye våpenregelverket, som var å lov- eller forskriftsfeste føreseigner som tidlegare var fastsett i rundskriv, jf. Prop. 165 L (2016-2017) punkt 1.1.

Norges Bondelag foreslår at det forskriftsfestast kva våpentypar som skal kunne ervervast på dette grunnlaget, og slik at SNO kan erverve skytevåpen og våpendelar som er tillatne til sportsskyting i eller i medhald av våpenlova § 12. Dette ervervsgrunnlaget gjev heimel til å erverve både skytevåpen som er tillatne til jakt, hagler med magasinkapasitet på inntil fem patroner, pistolar, revolverar, halvautomatiske rifler med stor eldkraft, luft- og fjørvåpen som er laga for å kunne skyte prosjektil med større diameter enn 4,5 millimeter, og våpenmagasin med stor patronkapasitet. Så langt vi kan sjå vil desse våpentypene kunne dekke dei behov for skytevåpen- og våpendelar som er skissert i høyringsbrevet. Samstundes vil våpenregelverket med dette framlegget sette dei ytre rammene for kva gjenstandar som kan ervervast tilsvarende som for dei andre ervervsgrunnlaga etter kapittel 5.

Bondelagets Servicekontor AS

Norges Bondelag

Postadresse: Postboks 9354 Grønland, 0135 OSLO, Tlf: 22 05 45 00
Besøksadresse: Landbrukets Hus, Hollendergata 5, 0190 OSLO
Bankkonto: 8101.05. 91392, **Org.nr.:** 985063001 MVA
bondelaget@bondelaget.no, www.bondelaget.no

Bankkonto: 8101.05.12891
Org.nr.: 939678670

Når det gjeld kor mange skytevåpen og våpendelar som skal kunne ervervast på dette grunnlaget, er vi samde med departementet i at ei forskriftsfesting av eit konkret tal skytevåpen og våpendelar vil vere krevjande å gjennomføre. Kva tal skytevåpen som SNO treng å erverve vil truleg avhenge av oppdragsmengde, bemanning og andre forhold som nok vil kunne variere stort over tid. Ein forskriftsfesting av erverv fastsett på grunnlag av eit konkret vurdering av behov vil også samsvare godt med den tilsvarende reguleringa av talet skytevåpen for foreiningar tilslutta godkjente skyttarorganisasjonar etter våpenforskrifta § 5-2.

Departementet legg i høyringsnotatet opp til at SNO kan erverve revolver og andre våpentypar som ikkje er tillatne til jakt. Vidare vert det opplyst at skytevåpena mellom anna skal verte bruka til skyting frå helikopter og inne i hi, som krev ein særeigen våpendugleik. Ordninga etter våpenregelverket er at krava til aktivitet og opplæring for løyve til erverv og innehav av skytevåpen skal vere tilpassa skytevåpenet sitt skadepotensiale. Dette slik at til dømes vilkåra for våpenløyve til pistolar og revolverar er strengare enn for skytevåpen tillatne til jaktbruk.

I høyringsutkastet er det gjeve uttrykk for at krava til opplæring skal vere dei tilsvarende som for næringsdrivande, som treng løyve til skytevåpen godkjent for jaktbruk etter våpenforskrifta § 5-3 første og andre ledd. Dei skytevåpen som det vert lagt opp til at SNO skal kunne erverve og ha, vil ha eit større skadepotensiale enn skytevåpen godkjent til jaktbruk. Når ein held dette saman med dei særeigne krav til våpendugleik som er skissert ovanfor, meiner Norges Bondelag at departementet bør forskriftsfeste særskilte krav til opplæring for å kunne erverve og ha skytevåpen og våpendelar til dette grunnlaget. Vi meiner det bør ligge til SNO sjølve, som arbeidsgjevar og ansvarleg for korleis tenesta vert utført, å fastsette dei nærare krav til opplæring.

Når det gjeld høyringsframlegget i § 5-3 fjerde ledd, meiner vi at ein med å presisere at heimelen i framlegget sin tredje ledd gjeld oppsynet sin rett til å kunne erverve og ha skytevåpen eller våpendelar, så vil det gå fram at denne heimelen også gjev politiet grunnlag til å gje SNO-tilsette løyve til lån etter våpenlova § 18. Med denne presiseringa vert høyringsutkastet sin fjerde ledd overflødig. Nedanfor følgjer eit framlegg til endringar i forskriftsutkastet, som vonleg speglar dei synspunkt vi har gjeve uttrykk for. Framlegga til endringar er markert med raud skrift.

Framlegg til tekst:

Våpenforskrifta § 5-3 skal lyde:

§ 5-3 Erverv og innehav av skytevåpen for *avliving og immobilisering av dyr*

Politiet kan gje næringsdrivande løyve til å erverve og ha skytevåpen og våpendelar for avliving av tamdyr eller felling av skadedyr.

Politiet kan gje løyve etter første ledd til ei komplett rifle, eitt kombinasjonsvåpen eller eitt haglevåpen som er tillatne til jakt etter våpenlova § 11 andre ledd og kapittel 3 i denne forskrifta, samt våpendelar til dette skytevåpenet. Politiet kan berre gje løyve etter første ledd til personar som kan dokumentere å ha tilstrekkeleg våpendugleik, som til dømes gjennomført førstegongsteneste eller aktivitet i godkjent skyttarorganisasjon. Gjeld søknaden ein juridisk person, må organisasjonen dokumentere at dei våpenansvarlege etter våpenlova § 17 har våpendugleik som nemnt i andre punktum.

Politiet kan gje løyve til oppsynet som nemnd i naturoppsynsloven § 1 til å kunne erverve og ha skytevåpen og våpendelar for avliving og immobilisering av vilt. Politiet kan gje løyve til våpentypar og våpendelar, som er tillatne til sportsskyting i eller i medhald av våpenlova § 12 og i det talet som er naudsynt for at oppsynet skal kunne utføre oppgåver pålagt i eller i medhald av lov.

Politiet kan berre gje løyve etter tredje ledd til personar som kan dokumentere å oppfylle dei krav til opplæring som er fastsett av SNO. Gjeld søknaden ein juridisk person, må organisasjonen dokumentere at dei våpenansvarlege etter våpenlova § 17 har våpendugleik som nemnt i første punktum.

Med venleg helsing

Olav A. Røssaak

Verner Bjerkvik

Elektronisk godkjent, utan underskrift